

Kommunen vil ta bompengar i Eikedalen

Bergens Tidende
24. juni 2003

Om nokre år kan det kosta 20 kroner å køyra til hytta på Kvamskogen eller til Eikedalen for å stå slalåm.

JOHN LINDEBOTTEN

john.lindebotten@bt.no

Dette er ikkje berre tankespinn, men kan verta handfast røyndom dersom Kvam-ordførar Martin Vik, Sp, får det som han vil.

Martin Vik har fått heradsstyret med seg på å vedta ein vegplan for Kvam herad med ein grovrekna kostnad på vel 500 millionar kroner. Og ettersom også kvemmingane har høyrte om Nasjonal Transportplan, skjønner dei at det er inga von om statlege kroner for tidlegast i neste generasjon.

Bom før Eikedalen

Utbetring av Rv. 49 frå Norheimsund og sørover er ein viktig del av vegplanen i Kvam. På Rv. 7 er det og nok å ta tak i, mellom Norheimsund og Øystese, og mellom Øystese og Fykkesund bru.

Vegplanen nemner og trongen for gang- og sykkelveg over Kvamskogen, og ingen som kjenner tilhøva kan vera usamd i at det måtte vera eit bra tiltak.

I vegplanen er det rekna med at 240 millionar kroner skal hentast inn ved bompengar, seier Per Steffen Myhren hjå Statens vegvesen, som har sett seg inn i planane frå Kvam.

Då er det viktig å fanga opp

så mange bilar som mogleg. Av den grunn meiner Kvam herad at bommen bør setjast opp mellom Fossenbratte-tunnelen og Eikedalen, for huka den store alpintrafikken.

Problemet med dette er at denne vegstubben ligg i Samnanger kommune. Altså må Kvam få Samnanger kommune med på opplegget for å ha sjanse til å nå fram hjå vegstyresmaktene.

Svært skeptiske

Dette er lettare sagt enn gjort.

- Vi er svært skeptiske til dette, seier ordførar Marit Aase, KrF, i Samnanger, som vedgår i same andedrag at ho er frå Kvam og kjenner vegane deira.

- Men de treng sårt til ein ny tunnel bak Tysse. Vi tek tunnelen med i same bompengepakken, og så set vi opp ein bomstasjon til og fangar opp trafikken på Rv. 48 mot Fusa, argumenterer Martin Vik.

- Det er rett at vi gjerne skulle hatt den tunnelen for å spare det tronge Tysse sentrum for gjennomgangstrafikk. Reguleringsplanen er ferdig, 2,5 km. tunnel til litt over 100 millionar kroner. Og vi har ingen rik onkel, slik dei hadde det i Fusa (Trond Mohn, red. mrk.), seier Marit Aase.

- Skulle vi gå inn på bompengepakken, måtte vilkåret vera at vi fekk finansiert tunnelen.

Bompengane burde då kanskje krevjast inn på Trengerid eller på Gullbotn, men her i Samnanger er vi skept-

tiske likevel, seier Marit Aase.

Gode sjansar med semje

Det har sjølvsagt alt vore møte mellom Kvam og Samnanger om dette, og Marit Aase reknar med at dei skal møtast på nytt.

For få år sidan var det planar i Kvam om å krevja inn bompengar på toppen av Tokagjelet for å finansiera ein tunnel mellom Norheimsund og Øystese.

- Dette hadde vore eit realistisk opplegg dersom det hadde fått oppslutnad i

Kvam. Det nye opplegget er det lite realisme i så lenge Samnanger ikkje er med, men dersom Kvam og Samnanger vert samde om dette, trur eg bompeng planen har bra sjansar til å verta vedteken også sentralt, seier Per Steffen Myhren.